

## Kommuneplanutvalet har behandla sak 4/2024 i møte den 08.01.2024

### Behandling

Eit mindretal på 4 (2H, 1 FrP, 1 V og 1 Sp (Solveig Løkensgard Arnegard)) røysta for følgjande framlegg frå Knut Einar Haug (H): Saka vert utsett  
Fleirtalet røysta for å handsame saka no.

-----

- Eit mindretal på 4 (2H, 1 Frp og 1 Sp (Ola Terje Oleivsgard) røysta for følgjande framlegg frå Knut Einar Haug (H):  
Setninga 'Eksisterande vegar skal ikkje opnast for trafikk før 1. juni (jf. § 3.1.3 regionalplan for Nordfjella)' vert stroke.  
Fleirtalet på 5 (2 Ap, 1 SV, 1 V og 1 Sp (Solveig Løkensgard Arnegard) røysta for å behalde denne setninga.
- Fleirtalet på 5 (2H, 2 Sp og 1 Frp) røysta for følgjande framlegg til ny ordlyd i føresegna § 1.6 Byggeforbod langs vassdrag frå Ola Terje Oleivsgard (Sp):  
I område målt 100 meter frå strandlina (målt i horisontalplanet og ved gjennomsnittleg flaumvasstand) langs vatn over 100 daa, og vassdraga Sundåni, Kulu, Ridøla, Kvinda, Sireåne, Heståne, Løkbekken, Lya, Votna og Hallingdalselva, skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Det skal vurderast om oppføring av nye bustadbygg, fritidsbygg eller masseuttak knytt til landbruket treng eigen reguleringsplan i denne sona. Det kan etablerast bygningar, mindre anlegg, vegar og opplag som er naudsynt for landbruk, fiske, fangst eller akvakultur. For bekkar og mindre elver merka på plankartet er grensa 50 meter. I eit 10-metersbelte langs vasskanten skal det vere vegetasjon, jf. lov om vassdrag og grunnvatn.
- Eit mindretal på 2 (1 SV og 1 V) røysta for rådmannens framlegg til ordlyd om byggeforbod langs vassdrag.  
Eit mindretal på 2 (2 Ap) røysta for følgjande framlegg til alternativ ordlyd til 2. setning i framlegget frå Sp:  
For nye bustadbygg, fritidsbygg og masseuttak knytt til landbruk i denne sona er det krav om godkjent reguleringsplan.
- Følgjande framlegg frå ordførar til tillegg i § 2.1.3 i føresegnene vart samrøystes vedteke: (t.d. vedovn o l)
- Følgjande framlegg frå Knut Einar Haug (H) vart vedteke med 5 røyster (2 H, 2 Sp og 1 Frp): NÆ 07 vert teke inn att i plankartet.  
Mindretalet på 4 (2Ap, 1 SV og 1 V) røysta i mot å ta inn att dette området.
- Mindretalet på 4 (2 H og 2 Sp) røysta for følgjande framlegg frå Knut Einar Haug (H): Ta inn att området LSB30.  
Fleirtalet på 5 (2 Ap, 1 SV, 1 V og 1 Frp) røysta mot å ta inn att dette området.

- Følgjande framlegg frå Solveig Løkensgard Arnegard (Sp) om presisering vart samrøystes vedteke: Gangveggar på strekningar langs Nordbygdvegen skal følgje Nordbygdvegen.
- Mindretalet på 1 (1 Sp) røysta for følgjande framlegg frå Ola Terje Oleivsgard (Sp):  
Tillegg i §2.2.7 i føresegnene: Innanfor området kan det oppførast bygg og anlegg som har tilknytning til bruken av området som idrettsanlegg.  
Fleirtalet på 8 røysta mot å ta inn dette tillegget.

### **Vedtak:**

Kommuneplanutvalet er kjent med merknadene til 2. gongs høyring/offentleg ettersyn av arealdelen av kommuneplanen 2023 – 2035. Med bakgrunn i merknadene vedtek kommuneplanutvalet å gjere desse endringane i planforslaget:

### Plankart:

- Eldre myrjorduttak satt av til eksisterande råstoffutvinning endrast til LNF formål.
- LSB53 justerast slik at området ligg utanfor aktsemdsområde for snøskred.
- SB54 justerast slik at det ligg utanfor aktsemdssoona for flaum.
- TD50 justerast slik at turvegen gjennom eigedom 10/37 kan flyttast heilt nord på eigedomen.
- Statsnetts leidningsnett teiknast inn med omsynssone H740, samt at det leggjast inn ein ytterlegare omsynssone (H740) sør for eksisterande leidningstrase.
- Område mellom Svarteberg og idrettsanlegg i vest som ikkje er inne i planforslaget blir no sett av til LSE.
- U5 i KDP for Primhovda leggjast inn i plankartet som fritids- og turistformål.
- Areal på om lag 455 kvm ved Ål skisenter endrast frå idrettsanlegg til LSE.
- Områdenamn for Ål skisenter endrast frå BIA til IDR.
- Område NÆ 07 vert teke inn i plankartet

### Planføresegn:

- Ledd 1-2 og 5-8 i retningsline under § 3.3.2 Leveområde villrein – Nasjonalt villreinområde også leggjast til retningsline under § 3.3.3 Leveområde villrein – Randområde.
- Retningsliner i føresegn § 3.3.2 og § 3.3.3 supplerast med følgjande nye ledd:
  - Løypekøyning skal stanses midlertidig når det er fare for konflikt med villrein i området (jf. § 2.1 regionalplan for Nordfjella).*
  - I randområder og nasjonalt villreinområde skal det ikkje gjennomførast militær øvingsaktivitet, som feltøvingar og lågtflyging, som er i konflikt med villreinen. Dette er særleg viktig i vinterhalvåret og i kalvingstida. Planlegging og gjennomføring av øvingar i desse områda skal avklarast med dei berørte kommunane, SNO/Fjelloppsynet og villreinnemnda og villreinutvalet (jf. regionalplan for Nordfjella § 2.3).*
  - Restaurering av landskapsskadar for å reetablere trekkveggar for villrein knytt til regulerte vassdrag kan bli satt i gang etter nærmare vurdering og planlegging (jf. § 2.7 regionalplan for Nordfjella).*

- Retningslinjer i føresegn § 3.3.2 supplerast med følgjande nytt ledd:  
*Det skal ikkje anleggast nye vegar i nasjonalt villreinområde. Eksisterande vegar skal ikkje opnast for trafikk før 1. juni (jf. § 3.1.3 regionalplan for Nordfjella).*
  - Føresegn § 2.4.1 e endrast til «Det er ikkje tillate med oppretting av nye bustader, næringsbygg eller fritidsbygg innanfor omsynssoner for flaum- og skredfare».
  - Føresegn § 3.1.4 flyttast til § 3.4 Sone for bandlegging.
  - §§ 3.1.1 og 3.1.2 supplerast med «Det er krav om fagkyndig kompetanse for dei vurderingar og utgreiingar av fare som skal gjerast før det kan gjerast tiltak i omsynssoner for skred og flaum.»
  - Føresegn § 3.1.4 flyttast til § 3.4 Sone for bandlegging.
  - Føresegn for område avsett til fritids- og turistformål rundt Ål skisenter der formålet er utleigeeiningar i tidligare KDP for Primhovda.
  - Nytt føresegn: «Jordlovas §§ 9 og 12 skal framleis gjelde for areal satt av til idrettsanlegg i Ål skisenter.».
  - § 2.2.7 andre ledd supplerast med følgjande: «Nye bygg innanfor Ål skisenter må ikkje kome i konflikt med drift av alpinanlegget eller landbruksdrift.».
  - Ordlyden i § 2.3.1 tredje punktum endrast til «Tur- og sykkelstigar kan etablerast på ein skånsam måte».
  - Endring av § 1.3 siste punkt: LSF – B og jf. § 2.4.5 tas ut.
- Tillegg i §2.1.3: (t.d. vedovn o l)
- Ny ordlyd i §1.6 om byggeforbod langs vassdrag : I område målt 100 meter frå strandlina (målt i horisontalplanet og ved gjennomsnittleg flaumvasstand) langs vatn over 100 daa, og vassdraga Sundåni, Kulu, Ridøla, Kvinda, Sireåne, Heståne, Løkbekken, Lya, Votna og Hallingdalselva, skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Det skal vurderast om oppføring av nye bustadbygg, fritidsbygg eller masseuttak knytt til landbruket treng eigen reguleringsplan i denne sona. Det kan etablerast bygningar, mindre anlegg, vegar og opplag som er naudsynt for landbruk, fiske, fangst eller akvakultur. For bekkar og mindre elver merka på plankartet er grensa 50 meter. I eit 10-metersbelte langs vasskanten skal det vere vegetasjon, jf. lov om vassdrag og grunnvatn.

#### Konsekvensutgreiing:

- KU for LSB53 oppdaterast med bakgrunn i fare for snøskred.

#### Planskildring:

- Nytt kapittel 9: Politisk handsaming – protokoller.
- Oppdatere arealrekneskap etter endringar i plankartet.

Ål kommune går til mekling med Statsforvaltaren i Oslo og Viken og Statens vegvesen.

